# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 2017 | Bøverdalen - Lom - Garmo | 76. årgang



# Påskeandakt

**I år markerer vi at det er 500 år siden reformasjonen. Å reformere betyr å forandre, og det ble helt klart store endringer i både kirke og samfunn. En av de store oppdagelsene til Martin Luther og hans meningsfeller var betydningen av nåde. Mennesker blir rettferdige for Gud ene og alene gjennom Guds nåde slik som den ble gitt oss gjennom Jesus Kristus. Og jeg tenker at det knapt finnes et sterkere avtrykk av nåde enn i budskapet fra den hellige påsken i Jerusalem for 2000 år siden.**



Den stille uke er en bevegelse fra fest og glede, gjennom måltidsfellesskap med gode venner, til død, fortvilelse og rådvillhet. Det er en realitetsbevegelse – i denne uken gjennomlever Jesus mange av sidene ved det å være menneske. Derfor er det så sterkt at kjærligheten viser seg så overmåte stor – Jesus reiser opp på påskedag! Død, fortvilelse og rådvillhet vendes til liv, håp og glede! Påsken står i kjærligheten og nådens tegn – og Jesus kommer oss i møte med å si: «Frykt ikke!». Disse to enkle ordene som er så godt å høre!

Årets reformasjonsjubileum gir anledning til å reflektere over det som har vært – men det er like viktig å se fremover. Arven fra reformasjonen, om betydningen av nåde er like aktuelt i dag som den gang. Vi trenger alle nåde – samme hvor vi er i verden og samme hvem vi er. Nåden er gratis – gitt oss alle gjennom Jesus Kristus. Påsken er det sterkeste vitnesbyrdet – et nådens tegn.

Så la oss være nådige med hverandre denne høytiden! Ved å se på hverandre gjennom linsene av nåde kan vi skape gode øyeblikk, for ofte er det faktisk ikke mer som skal til!

Velsignet høytid!
*Solveig Fiske*
*biskop*

## LOM KYRKJEKOMMUNE


Trefftid på KYRKJEKONTORET
4. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 481 65 529
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR (til 1. mai)
Gunn Berit Vole Mork, tlf. 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
guri.husom@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun
KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
Bankkontonr.: 2085.07.11772
KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
bankkontonr: 2085.07.11772
*Bladpengar pr år:*

| | |
|---|---|
| *Innanbygdds:* | *150,-* |
| *Utanbygds* | *200,-* |
| *Utanlands* | *250,-* |

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug &
Gunn Berit Vole Mork

TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

*Framsidebilete: Ola Ø. Rossehaug*

# Presten sine tankar

**Tenk deg at du skal gravleggje mor di eller far din på kyrkjegarden. Det er ein trist og vond dag for dei fleste av oss.**

Seremoni i kyrkja og jordpåkasting ute på kyrkjegarden. Gravferd er ein viktig og sterk tradisjon i vår kommune, og kyrkjegarden er vår felles gravplass, anten vi er medlem av kyrkja eller ikkje.
Men tenk deg altså at du skal gravleggje ein av dine næraste. Same kvelden skal det vera stor bygdefest rett utanfor kyrkjegarden med høg musikk, mykje alkoholservering og mykje støy. Korleis ville du som pårørande ha reagert ?
Det er nett dette som kan skje ved årets Fjordingsmartna. For martnaskomiteen ynskjer å sette opp ein scene rett utanfor kyrkjegarden i Lom ved årets martna, og dei vil mellom anna arrangere to store bygdefestar både fredags- og laurdagskvelden frå denne scena.
Lom kyrkjelege råd har åtvara mot at denne type arrangement skjer rett utanfor kyrkja sin eigedom. Vi vonar at både ordføraren og lensmannen i Lom vil sjå det på same viset.

> Det handlar om respekt og ærefrykt for dei døde.

Fjordingsmartnan er eit flott og tradisjonsrikt arrangement i Lom kommune. Det er bodar, dyrskue og eit familievenleg tiltak. Det står respekt av alle dei friviljuge som gjer ein stor innsats for å skape liv i bygda vår. Men å arrangere bygdefestar rett utanfor kyrkjegarden, vitnar om dårleg skjønn og dømekraft.
Lom kommune har to område kor det kan arrangerast bygdefestar med alkohol – i Presthaugen og i Utgard. Det bør òg martnaskomiteen vera nøgde med.
Erfaring frå tidlegare bygdefestar syner at alkoholen flyt i strie straumar, at lydnivået er temmeleg høgt og at rusa personar diverre skapar ei utrygg stemning for mange. Eg ynskjer ikkje at dette skal skje i nærleiken av kyrkja og kyrkjegarden vår her i Lom.



Å arrangere konsert i tilknyting til kyrkja og kyrkjegarden er ikkje noko problem. I min eigen barndomsby, Arendal, vert det kvart år arrangert konsert inne på kyrkjegarden i samband med Canal Street festivalen. Her har både Ole Paus og Bjørn Eidsvåg medverka. Men det har vore reine konsertar, ikkje bygdefestar.
Eg er slett ikkje framand for å vera med på ein fest og ta meg eit glas øl eller vin sjølv. Men det passar ganske enkelt ikkje å ta seg ein fest, rett utanfor gravplassen til våre kjære. Det handlar om respekt og ærefrykt for dei døde. Det er altså kombinasjonen av konsert og bygdefest eg reagerer på. For både du som lesar og eg veit, at slike bygdefestar ofte har ein tendens til å verta meir alkohol enn musikk.

Vi kan ikkje risikere at tryggleiken rundt Lom gamle stavkyrkje vert truga av rusa menneske som ravar rundt i området.

Difor er mi klåre oppmoding til Fjordingsmartnan 2017: Ver venleg og ikkje skap splid i bygda ved å arrangere bygdefestar rett utanfor kyrkja vår i Lom.
Fjordingsmartnan er eit alt for verdifullt tiltak i bygda vår, til at arrangementet skal øydeleggje for seg sjølve. Bruk Presthaugen eller Utgard til bygdefestar, ikkje Prestegardsjordet.



# Lutherjubiléet




**31. oktober 2017 er det 500 år sidan Martin Luther offentleggjorde dei 95 tesene sine mot kommersialisering av avlat. Dette vert rekna som starten på det som utvikla seg til den lutherske reformasjonen. I 2017 vil lutherske kyrkjer og andre kyrkjesamfunn over heile verda markere hendinga på ulike vis.**

Saman med andre lutherske kyrkjer i alle verdsdelar har Den norske kyrkja vald å setje søkelys på tema som er svært sentrale for kyrkjene i dag: Hovudtema er «Nåde», med tre undertema: «Frelsa er ikkje til sals», «Menneske er ikkje til sals» og «Skaparverket er ikkje til sals».

**Det skal haldast fire temagudstenester i alle kyrkjelydane hausten 2017. Desse fire er:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sundag 27. august** | 12. sundag i treeiningstida | *Tema: Nåden aleine.* | Denne gudstenesta vert halden ute i Lom kyrkjekommune; ved prestehytta ved Dalsvatnet. |
| **Sundag 17. september** | 15. sundag i treeiningstida | *Tema: Skaparverket er ikkje til sals* | Denne sundagen vert det to gudstenester i Lom kyrkjekommune; i Garmo kyrkje kl. 11:00 og i Bøverdal kyrkje kl. 14:00. |
| **Sundag 15. oktober** | 19. sundag i treeiningstida. | *Tema: Frelsa er ikkje til sals.* | Denne sundagen er det messefri i Lom kyrkjekommune, men det vert høve til å få med seg denne messa i Nordberg kyrkje kl. 11:00. |
| **Sundag 19. november** | 24. sundag i treeiningstida. | *Tema: Menneske er ikkje til sals.* | Denne sundagen vert det to gudstenester i Lom kyrkjekommune; i Garmo kyrkje kl. 11:00 og i Bøverdal kyrkje kl. 14:00. |

# Smått om tal

**Ved årsskifte gjer vi opp status, og som ein illustrasjon legg vi ved eit innlegg frå kyrkjeblad nr. 1 i 1947 der kan vi sjå fylgjande tal: 70 år etter ser tala slike ut:**



Høgkonjuktur i barnefødslar i Lom i 1946.

Etter kyrkjebøkene vart det fødd 76 barn i Lom + 9 utanbygds. Det er det høgaste tallet som har vori sidan 1928. Gjennomsnittet ligg på ca. 57, rekna etter dei siste 19 år.

Av desse 76 var 6 fødd utanfor ekteskap. Det er ca. 8 %. Det ser ganske bra ut.

Det døde berre 22 personar i 1946. Til samanlikning kan nemnast: 1943 — 28. 1944 — 31. 1945 — 25. 1946 — 22.

Som eit kuriosum kan nemnast at av dei 22 døde 18 i løpet av fyrste halvår og berre 4 i det siste.

Det vart inngått 26 ekteskap i 1946. Til samanlikning: 1943 — 29. 1944 — 30. 1945 — 32. 1946 — 26.

Det er altså det lågaste i løpet av dei siste 4 år.

Det kan inn i offer til ymse kristelege formål kr. 1 958,80, fordelt soleis: Garmo kr. 431,74, Lom kr. 717,63 og Bøverdalen kr. 809,43. Tilsaman kr. 1 958,80.

Nattverdgjestanes tall var ovleg stort 739, fordelt soleis: Garmo 125, Bøverdalen 138 og Lom 476. Tilsaman 739.

Barnetrygda.

Ved rundskriv frå biskopen har Sosialdepartementet ordna det slik at presten attesterer på dei innsendte søknader at barnas fødselsdato og år [illegible]

Etter våre tal vart det fødd 27 born i bygda i 2016. Gjennomsnittet ligg på 23, rekna etter dei siste 19 år.
Det gjekk bort 23 personar i 2016. Til samanlikning kan nemnast 27 i 2013, 37 i 2014, og 22 i 2015.
Det vart inngått 9 kyrkjelege vigslar i 2016. Til samanlikning: 9 i 2013, 11 i 2014, og 6 i 2015. (For inneverande år er det førebels meldt inn 12 par).
Det kom inn offer til ymse føremål, totalt kr. 48 511. Dette var fordelt såleis: Lom kr. 28 248,-, Garmo kr. 9 504,- og Bøverdalen kr. 10 579,-.
Talet på nattverdgjestar var 340 i Lom, 178 i Garmo og 117 i Bøverdalen, totalt 635 stk.

# Luther og byrjinga av reformasjonen

Det verserer fleire teoriar om hendinga som festa skriftstaden Rom. 1,17 så sterkt i Martin Luther. Nokon meiner dette hende under Luther si pilegrimsreise til Roma som teologistudent i 1511. Der skulle han ha høyrt ei sterk røyst tale til seg medan han kraup i «Pilatus-trappa». Andre meiner det hende i det stille i eit rom i klostertårnet i Wittenberg nokre år seinare
Uansett skulle desse orda: «Den rettferdige skal leva ved tru» spele stor rolle for Luther si framtid. Han braut med pavekyrkja, eit brot han ikkje drøymde om sjølv.

Under Luther si pilegrimsvandring til Roma i 1510-11, fekk han sjå store kontrastar til sitt eige kristne, spartanske liv. Han såg geistlege som levde eit liv i luksus og opplevde dei nok som ugudelege. Avlatsordninga var ei stor inntektskjelde for pavekyrkja. Læra elles om kyrkja på den tida handla mykje om skjærselden, helgenar, relikviar, prosesjonar, pilegrimsreiser og bruk av bannbulle – utestenging frå Gud og kyrkja. Hadde ein god råd, kunne ein kjøpe seg fri for det meste.

Attende i heimlandet vart Luther i 1512 doktor og professor i bibelteologi ved universitetet i Wittenberg. Han fekk no høve til å forkynne.
Luther granska Bibelen nøye. Han var meir oppteken av å forkynne Guds Ord enn å fylgje paven og kyrkja sine skrifter og forordningar, som på den tida var det som stod i fokus. Luther vart på ein måte nytenkjande, sidan han var tydeleg på at dei kristne ikkje burde akseptere andre lærdomar enn dei som stod i skrifta. Luther var klår på at det var farleg å setje menneskelege teoriar over Guds ord. Han fortalde om Frelsaren sin kjærleik, om Hans offer på korset som gav tilgjeving og fred for dei som trudde. I eit samfunn med stor skilnad på fattig og rik, vart Luther sin forkynning til stort håp for mange. Han fortalde om fri syndeforlating, noko som kom i konflikt med det katolske systemet med skriftemål, bøter og avlat.

**«For i det vert Guds rettferd openberra, av tru og til tru, som skrive står: Den rettferdige skal leva ved tru».**

*(Rom. 1,17)*

Luther gjekk ikkje direkte til åtak på korkje paven eller kyrkja, men det var handelen med avlatsbrev han ville til livs. Bibelen vart lesen på latin, noko folk flest ikkje forstod. Da kunne dei heller ikkje stille spørsmål ved det som vart forkynt. Dei som styra med avlatsbrev gneid seg godt i hendene der dei fekk narra av folk pengar for større og mindre synder. Ofte kunne dei ikkje latin sjølve heller, men såg pengane i arbeidet dei utførte i Guds namn. Det var lett for dei «høge herrar» å appellere åt folk si overtru og uvit.

Det var nok fleire geistlege som også tvila på avlatsordninga. Ikkje berre var dette utan samsvar med Guds ord –det var fornuftsstridig òg. Likevel var det ingen av dei geistlege som våga å kritisere eller gå imot dette.

Helgemessesundag er ein dag som har samla mykje folk til kyrkjene gjennom alle tider.
I høve denne dagen i 1517 offentleggjorde den snart 34-årige Martin Luther sine etter kvart så kjende 95 teser.
Dei fleste av oss lærte i skulen at han slo opp tesene på døra til slottskyrkja i Wittenberg. Denne handlinga ville i så måte vere svært provokativ, og ekspertar hevdar at det ikkje var slik tesene vart kjende.
Det vert i staden sagt at Luther sende tesene den 31. oktober 1517 til erkebiskopen av Magdeburg og Mainz: Albrecht av Brandenburg, til biskopen av Brandenburg: Hieronymus Schultz samt til nokre lærde vener: teologen Johann Lang og jurist Christoph Scheurl. Det skal i tillegg vere sistnemnde som fekk trykt opp tesene, noko som gjorde det enklare å publisere dei.

Tesene fekk sjølvsagt stor merksemd, både i lærde krinsar og blant folket. Boktrykkarkunsten som tidlegare var nytta til mellom anna avlatsbrev, gjorde no sitt til at tesene vart kjende både i Tyskland og etter kvart utover i Europa.
Reformasjonen var i gang.

# "Ja, vi elskar dette vatnet"



**Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før», seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyen sin nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.**

Vatn er livsviktig, og 13 år gamle Richard har ansvaret for å hente dette i familien Wilson. Tidlegare kunne han bruke fleire timar på det; ikkje berre var det langt å gå, det var også lang kø på den eine brønnen i området.
Men: No har det skjedd noko i landsbyen Ikonda, der Richard og familien bur. Folk har fått opplæring i brønnbygging, og ein ny brønn er på plass! Slik vert ikkje vegen for å hente vatn så lang som før, og det er mindre kø. Sjølv om dei daglege fire kannene han hentar veg 80 kilo som før, slepp 13-åringen no å bere dei så langt og bruke så mykje av dagen fram og attende.



*Bilete henta frå http://www.fasteaksjonen.no/*

Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før blant folka i landsbyen. «Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre», seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball – slik 13 år gamle gutar skal gjere.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelydar over heile landet bidrege til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hengde opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2.-4. april.

50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den stødige berebjelken i Kirkens Nødhjelp sitt daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen vert ein suksess Lom kyrkjekommune, anten ved å stille som bøssebærar, eller ved å gje pengar i bøssa.

**Uansett: Vi vonar de vil ta vel imot konfirmantane våre, som er bøsseberarar måndag 3. april!**
Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.

# Påskehøgtid på fjell og i kyrkje

Dei tre sokna i Lom kommune vil i år gje både fastbuande og tilreisande eit spennande og breitt tilbod om kyrkjelege arrangement i samband med påskehøgtida.
Skjærtorsdag, 13. april vert det messe i storstugu på Lom Helseheim kl. 11:00. Om kvelden skjærtorsdag, vert det messe på Brimi Fjellstugu kl. 17:30 (merk tida).
Langfredag, 14. april vert det messe på Spiterstulen Turisthytte kl. 17:30 (merk tida).
Vi håpar at mange – både fastbuande og tilreisande – vil møte opp på desse messene.



Både skjærtorsdag og langfredag kan ein kombinere tur i fjellet med ei messe på kveldstid på dei to fjellstovene.
Påskeaftan (laurdag 15. april) – vert det påskenattsmesse i Lom stavkyrkje kl. 23:00. Det er ei stemningsfull og vakker messe med ekstra song og musikk.
1. Påskedag (sundag 16. april) vert påskehøgtida avslutta med høgtidsmesse i Lom stavkyrkje kl. 11:00.
Det er sokneprest Einar Gelius og organist Terje Blakarstugun som medverkar ved alle messene i påskehøgtida.

*Tur til...*
# Maihaugen

Den årlege kyrkjelydsturen er også i år lagt til Maihaugen.
Datoen er sundag 7. mai, og avreise frå kyrkjevollen i Lom er sett til kl. 07:30. Buss og sjåfør frå Jotunheimen Turbusser AS vil køyre oss trygt nedover Gudbrandsdalen via nye E6 til Lillehammer. Vi tek ein stopp på vegen, så ta med niste.
Vel framme på Maihaugen vert det god tid til å sjå seg rundt. Sokneprest Einar og organist Terje inviterer til messe i gamle Garmo kyrkje kl. 12:00. Det vert lagt opp til felles middag på Maihaugen før heimreise, og vi køyrer innom Ringebu stavkyrkje på veg heim.
Påmelding skjer til kyrkjekontoret ved Borghild eller Gunn Berit innan onsdag 26. april.
Busstur inkludert middag med dessert kjem på kr. 435,- per person.

Borghild: tlf. 481 65 527,
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no
Gunn Berit: tlf. 481 65 528,
e-post: kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

**Påmeldte vil såleis få tilsendt giro og program for dagen i god tid før turen.**

# Konfirmantjubileum:

Konfirmantjubileumet i år er lagt til helga 2.-3. september, med gudsteneste i Lom kyrkje sundag 3. september kl. 11:00.

Dei som vert invitert til jubileum i år, stod konfirmant i kyrkjene våre fylgjande datoar:

**Bøverdal kyrkje**
3. oktober 1937, 12. oktober 1947, 6. oktober 1957 og 25. juni 1967.
**Garmo kyrkje**
6. juni 1937, 5. oktober 1947, 13. oktober 1957 og 11. juni 1967.
**Lom kyrkje**
10. oktober 1937, 28. september 1947, 29. september 1957 og 18. juni 1967.

**Fylg med: Invitasjon kjem i posten!**

## Konfirmantar i Lom kyrkje laurdag 20. mai:

Even Offerdal Bakken
Thea Beate Bosmen
Marina Dagsgard
Ivar Fjeld
Asbjørn Grøna
Anna Haugen
Christer Aaboen Kolden
Emma Mallaug
Vemund Moe
Lilli Schakenda
Elisabeth Zahl Slettom
Karl Marcus Svaet
Marius Synstnes
Mattias Vestad
Isak Haugtredet Volden
Jens Gunnar Øygard

## Konfirmantar i Bøverdal kyrkje laurdag 3. juni:

Siri Bøje Kvandalsvoll
Ole Aleksander Larsen
Ola Stø Mundhjeld
Hans Kjems Schöpflin

## Konfirmantar i Garmo kyrkje laurdag 3. juni:

Martin Biløygard
Ragnhild Kvamme Haugen
Sofie Mørch-Reiersen
Elise Sagmoen Nyhus
Andreas Strand Eriksen

## Nytt frå Prestegardens Kvinneforening:

«Kvinnenes Internasjonale bønnedag» vert arrangert i kyrkjegardsbyggjet i Bøverdalen, fredag 3. mars klokka 19:00.
Programmet for bønedagen i år er laga av Bønedagskomiteen på Filippinene. Tema er: "Gjør jeg deg urett?", eit prosjekt som støttar traumatiserte kvinner og barn på Filippinene.
Det vert kaffe og biteti, og høve til å gje ei gåve til prosjektet. Vel møtt!

Dei andre møtedatoane fram til sommaren er:
4. april, 9. mai og 13. juni.
Ta kontakt med Anna Magni Larsen på telefon 470 76 812 for meir informasjon.

# Trusopplæringa sidan sist

Mykje har skjedd innan trusopplæring og konfirmantundervising sidan førre blad!
På ljosmessene i alle tre kyrkjene inviterte vi 3-åringane til kyrkja for å få adventskalenderen «Då Jesus vart fødd». Konfirmantane delte ut desse. Triveleg var det å sjå alle ungane som kom! Vi håpar dei fekk ei spennande adventstid med å opne alle lukene!





Tradisjonen tru kom 4.klassa til Lomskyrkja like oppunder jul, for å pynte juletreet og setja fram julekrybba. Det vart ei triveleg stund i år og, med juleskum, klementiner og litt song til slutt.

Sundag 5.februar kom det spente 9-åringar til kyrkja i Garmo, og seinare på dagen til kyrkja i Bøverdalen, for å få sin eigen teikneseriebibel.




*Ragna, Torbjørn og Linda*




*Sylfest, Johan, Aslaug, Ingeborg og Linnea*

# Nye gravrammer

Lom kyrkjelege råd har gått til innkjøp av gravrammer til alle tre kyrkjegardane. Ved gravferd vert denne ramma lagt kring grava. Det er ryddig og pent å sjå, og tryggleiken for dei som berer kista er også mykje betre. Det er tunge dagar i seg sjølv å fylgje ein kjær person til siste kvilestaden, om ein ikkje i tillegg lyt stå ustøtt ved grava.

I kyrkjekommunen vår er det ein fin skikk ved gravferd at to personar ber ljos framfor kista på veg ut frå kyrkja til grava. Vi har berre nytta levande ljos til dette, noko som kan vere ei utfordring på dagar med vind. No kan pårørande få velje sjølve om det skal nyttast levande ljos eller elektriske ljos til dette, da alternativet fins i alle tre kyrkjene våre.



# Lom, eit feitt prestegjeld

**I 1645 - 1670 var Poul Nilsen Friis prest i Lom. Han var den største godseigaren i prestegjeldet.**

I tillegg til Prestegarden hadde «prestebolet» eigedom i 23 andre gardar i bygda. Denne jordeigedomen var på 38,5 huder som svara til 19 medelstore gardar. Dei som dreiv gardane der prestebolet åtte heile garden eller ein part i den, måtte betale landskyld og bygselsavgift til presten. Desse gardane var: Galde, Garmo, Sør-Hågån, Hågån, Leirdalen, Rostad, Rusti, Vekkje, Ekle, Brimi, Geisar, Ofigsbø, Upphaug og Vike. I tillegg var det fleire gardar i Skjåk som høyrde til prestebolet, og ein gard i Vågå. Alt dette gav presten gode inntekter.

Korleis hadde presten fått denne store jordeigedomen? I den katolske tida var det nokre som gav presten eller kyrkja delar av garden dei åtte. Eit døme på dette er Gunhild Halvardsdotter som i 1496 gav 5 kuleiger jord i Ulstad til Lomskyrkja «til Bønnehold for sin Sjæl». Presten skulle altså be for henne slik at ho slapp lettare gjennom skjærselden. Nærare avlatshandel kan ein vel neppe koma! Etter reformasjonen skulle i prinsippet all slik eigedom gå over til staten, men presten fekk ha inntektene som ein del av løna. Men det var ikkje berre det jordiske godset som gav presten inntekter. Han hadde òg innkomer frå embetet sitt. Ved dei store høgtidene jul, påske og pinse, vart det ofra til presten i kyrkja, sjølv om herr Poul var lite nøgd med det som kom inn! Presten fekk dessutan honorar frå sokneborna i samband med dåp, brurvigsel og jordfesting.

Ved gravferd var det lovfesta at presten skulle ha ei ku eller tilsvarande i verdi frå gardbrukarar som hadde seks kyr eller meir på båsen. Dette vart kalla «utferdsku». Folk frå små gardar slapp med mindre, og det var eigne satsar for tenestefolk og born. Men på toppen av dette skulle folk dessutan betale tiend. Tiend var opphavleg ei avgift på 1/10 av årsproduksjonen. På denne tida vart tienda delt mellom kongen, presten og kyrkja. Etter herr Poul sine eigne oppgåver kunne hans del årleg koma opp i 90 tønner bygg og 45 tønner rug.

Årsaka til at vi veit såpass mykje om presten Poul Nilsen Friis er at kongen sin kommissær bad om eit oversyn over prestane sine innkomer i samband med at ein skulle ta opp manntal. I «sjølmeldinga» si seier herr Poul: «Om høsten nyder jeg av hver mann en dags arbeid enten med slåen (slått) eller med skjæren (skurd), og giver dem tre måltider om dagen.» Folk skulle altså stille på arbeid på prestegarden ein dag, anten i slåtten eller i skuronna. Dette var truleg på den tida av året dei hadde det som mest travelt heime sjølve.

Pliktarbeidet på prestegarden var ei plage for folk, og mange prøvde å unngå det. – Men dette pliktarbeidet var ikkje alt. Folk skulle også halde presten med gratis ved! Herr Poul seier: «Om vinteren gives meg av hver fullgård, halvgård og ødegård 1 lass brendeved.»

Elles kjem det fram i «sjølvmeldinga» til presten at han hadde 13 hestar, 50 storfe, 70 sauer og 24 geiter. Buskapen på prestegarden var meir enn dobbel så stor som det dei største gardane elles i bygda hadde. Presten fortel òg om kor mykje han sådde kvart år, men han fekk bygdetinget til å stadfeste at prestegarden var «tungfalden og besværlig at drive … vi kan med sandhed bekrefte at udi somme åringer får presten neppelig sin udsådde sæd.» Forklaringa var mellom anna at garden hadde for lite vatnarvatn. Dei skreiv vidare at «solens hede og brynde» kunne øydeleggje avlinga somme år og «frost og kulde … gjøre ham største skade» eit anna år. Poul Nilsen Friis gjorde det nok ikkje betre enn det var, tvert i mot. Oppgåvene frå presten var som andre stader, - for låge.

Ut frå opplysningane som Poul Nilsen Friis sjølv gav, er det ikkje vanskeleg å forstå at Lom var eit feitt prestegjeld. Folk flest opplevde nok at presten og kyrkja la på dei store bører. Men danskekongen skulle også ha sitt. Det var fleire krigar på denne tida. I tillegg til den tradisjonelle jordebokskatten påla kongen ekstraskattar og naturalieytingar. Alt dette tyngde. Mange sleit og folk murra mot øvrigheita.

Kjelder:
*Hosar, Hans.*: «Skjåk bygdebok»
*Kolden, Jon*: «Bygdabok for Lom»

# Hekta

Helga 10.-12. februar reiste 22 konfirmantar, prest og trusopplærar til Håkonshall på Lillehammer, for å delta på Hekta-leiren.

Der var det fullt program heile helga. Samlingar med ungdomsleiarar, fellesprogram frå scena, med mykje allsong, og mange flinke og engasjerte folk som prata til oss om liva sine, og om tru og tvil. Og litt festleg underhaldning innimellom.



Fyrverkeri i Lysgårdbakken fredag kveld

Opningsseremonien i Lysgårdbakken









Thea Beate gjorde det sterkt på skiskyting!






Ragnhild og Siri var blant dei som tok sjansen på ein bob-tur.




*Anna og Marina i curlinghallen*



*Ivrig kosting! Mattias, Ivar, buksa til Vemund og Marius.*

Laurdag og sundag var det aktivitetar av ymse slag. Skiskyting, skyting med pil og boge, aking, curling, bob-kjøring, symjing og mykje meir. Med andre ord ei aktiv helg! Sundag var det messe før aktivitetane og heilt til slutt avslutningsseremoni frå scena, før alle reiste heim.




*Isak, Even og Marius ventar på tur. Curling var populært, så det vart litt venting.*

## Trusopplæringstiltak utover våren:

- Før påske inviterer vi 10-åringane til påskeverkstad. Resultatet av dette kan alle sjå i Lomskyrkja påskenatta eller 1. påskedag.
- 8-åringane vert inviterte til å vere tårnagentar i lag med 8-åringar frå Skjåk i byrjinga av mai.
- I løpet av mai månad får alle som skal byrje på skulen til hausten invitasjon til 6-årstiltaket vårt. Dette er to-delt. Fyrste samling lærer vi Den Gyldne Regel, og andre samlinga tek vi for oss Kornet.
- 4-åringane vert inviterte til å kome og så frø til våren! Dette skjer medan dei vaksne kan få kome og plante blomar på kyrkjegarden i Lom. Det er nemleg berre ungane som får lov til å så frø!

**Fylg med: Invitasjon til alle desse tiltaka vert sendt ut i posten!**

# Heim og ætt



**Døypte:**
**Bøverdalen**
25.12.16: Vilje Stee Vole

**Lom:**
18.12.16: Kari Ymbjørgøyen Sjurgard
26.02.17: Jonathan Kirkestuen Lund ✉ Dombås
26.02.17: Miijá Kaisa Lee Helander ✉ Oslo

**Jordfesta:**
**Garmo:**
02.12.16: Lina Aamot, f. 1925
20.12.16: Borghild Lyngved, f. 1919
10.02.17: Oddrun Vestad, f. 1923



**Lom:**
10.12.16: Håkon Lars Wiker, f. 1927
16.12.16: Oddrun Aasta Borgen Frøise, f. 1934
23.12.16: Kari Skjerpingstad, f. 1933
23.12.16: Randi Brunes Sørhage, f. 1950
03.01.17: Egil Eggen, f. 1935
17.01.17: Sigurd Juland, f. 1934
25.01.17: Tore Bakkeberg, f. 1936
03.02.17: Ola Slettom, f. 1923
17.02.17: Syver Bakken, f. 1921

# Dugnadar:

Det er planlagt tidspunkt for rake- og plantedugnader på kyrkjegardane:



- Rakedugnad på Lom kyrkjegard onsdag 26. april kl. 17:00.
- Rakedugnad på Garmo kyrkjegard torsdag 27. april kl. 18:00
- Rakedugnad på Bøverdalen kyrkjegard måndag 8. mai kl. 18:00.
- Plantedugnad på Lom kyrkjegard tysdag 6. juni kl. 17:00. (Hit vert også 4-åringane invitert til å kome og så frø).
- Plantedugnad på Garmo kyrkjegard onsdag 7. juni kl. 18:00.
- Plantedugnad på Bøverdalen kyrkjegard torsdag 8. juni kl. 18:00.

Konfirmantane vert særs oppmoda om å stille på rakedugnader ved «sine» respektive kyrkjegardar.
Vi ynskjer eldre og yngre hjarteleg velkomne til trivelege økter, og byr på kaffe og biteti alle kveldane.

## Personalnytt:

Gunn Berit Vole Mork har etter nesten fire år hjå oss vald å slutte frå 1. mai. Guri Husom har vikariert som trusopplærar for Gunn Berit sidan september. Ho går nå og inn som kyrkjelydssekretær. Vi ynskjer båe to lykke til med nytt arbeid!

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I NORD-GUDBRANDSDAL:

**VAKTNUMMER: 414 81 457**

Kveld/natt: Kvardagar kl 17:00 - 09:00
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

# Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. I dette kyrkjebladet finn du ein giroblankett for betaling av kyrkjebladet.

Hugs å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt.

**Lik Lom kyrkjekommune på facebook!**
facebook.com/lomkyrkjekommune

Du kan og bli ven med oss!
Søk på "Lom kyrkjekontor"

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 14. mai. 2017!

# Glimt frå tidlegare årgangar

Desse klyppa er henta frå den tida Gunnar Bondevik var prest i Lom.

Påskenummer» nr. 4 frå 1941:«Respekt for døden» nr. 4 i 1942: «Påske»

## Respekt for døden.

Langfredag har alltid vore ein stille høgtidsdag i dei kristne landi. Minni som den dagen kalla fram, minni om Jesu liding og død, var noko av det dyraste og kjæraste som dei kristne kyrkjelydane åtte. Det har difor vore naturleg at denne dagen har vore verna om. Ingenting måtte då gjerast som kunne skiple dei heilage minni. Offentlege forestillingar og tilstellingar til moro og gaman har difor vore forbode den dagen. Det var jo Jesu dødsdag.

I samklang med dette synet har det frå gamal tid i vårt land vakse fram ein sterk og god tradisjon som nett gjev seg uttrykk i respekt for døden og den døde. Det har vore regel at det ikkje skal haldast offentlege forestillingar, samkomer med dans o. l. når det ligg lik i ei grend eller i ei krins. Mange gonger har festar vorte avlyst av den grunn. Og alle har følt at det har vore rett. På den måten har ein synt vyrdnad mot minnet åt den avlidne, og mot dei som sit att i sorg og sakn. Dette har vore ei heilag plikt for sambygdingar og vener, og det har betydd meir både kristeleg og kulturelt enn me kan tenkje oss.

Mange av dei gamle skikkar og vaner er gått ut av bruk. Og det må so vere. Ikkje alt gamalt høver i vår tid. Heller ikkje er alt godt fordi det er gamalt. Men denne gamle skikken som vitnar om respekt for døden og vyrdnad for den døde og dei syrgjande, har me ikkje råd til å misse. Den må haldast høgt i ære i liv og i lære.

---

## PÅSKE

Når vinteren er kald og streng, når vatnet frys i brunn og vassledning, når det elektriske ljoset vert dimt, ja kanskje heilt borte — då tenkjer me framover mot v å r e n. Og tankane våre stansar kanskje med påske, med varm påskesol og surlande vatn i vassvegar og veiter. Våren tek knekken på vintermyrker og vinterkulde. Det vert nytt liv.

Som våren kjem etter vinter, kjem påskedag etter langfredag. Aldri var det vel myrkare og kaldare nokon gong enn langfredag. Då vart Jesus fengsla, han som hadde kome frå himmelen som ein bodskap om fred og glede. — Han skulle dømast, og vart dømt, med svik og falske vitne. Og krossen tynte den siste livsgneisten ut av hans heilage likam. Dei som hadde sett si lit til han skyna ikkje dette, og vart modlause og redde.

Men i denne trengselstidi vart grunnlaget lagt for kristendomen til alle tider. Ja utan langfredag med liding og kross og død hadde alt vorte tapt. I langfredags myrker vart soningi fullført. No kunne eit angrande menneskje få nådig forlating for alle sine synder i trui på den krossfeste Jesus Kristus.

Og so kom påskedag med vår-glede og vår-liv. Krist er oppstanden. Og den oppstandne frelsar kallar oss i dag inn i sitt trygge samfund.

«Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi fader, han som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei livande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde.» 1. Peter 1, 3.

---

**Ved kveldsmessa i Garmo**

søndag 8. mars vart den nye ljoskrona teki i bruk. Ljoskrona er — som før nemnd — arbeidd av Reidar Nyrnes, og gjevi til kyrkja av Garmo kvinnelag, som og før har gjeve mykje utstyr til kyrkja. Alle er samde om at ljoskrona, og alt det andre som Nyrnes har arbeidd til kyrkja, er reine meistarstykkje i treskurd.

---

Tidlegare utgåver av Kyrkjeblad for Lom er utlånt av Laila Kvåle Laingen. Tusen takk!

# GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.
**Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

**Sundag 05.03.** 1. sundag i fastetida
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.
Messe med barnedåp. Offer til Familievernkontoret Otta.
GARMO KYRKJE kl. 14:00.
Messe med offer til Familievernkontoret Otta.

**Sundag 19.03.** 3. sundag i fastetida
LOM KYRKJE kl. 11:00.
Messe med barnedåp. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**Onsdag 29.03.** LOM HELSEHEIM kl. 11:00.
Kvardagsmesse.
**Sundag 02.04.** 4. sundag i fastetida
GARMO KYRKJE kl. 11:00.
Messe med offer til Kirkens Nødhjelp.
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Messe med offer til Kirkens Nødhjelp.

**Torsdag 13.04** Skjærtorsdag
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Høgtidsmesse.
SPITERSTULEN TURISTHYTTE
kl. 17:30. Høgtidsmesse.

**Fredag 14.04.** Langfredag
BRIMI FJELLSTUGU kl. 17:30. Høgtidsmesse.

**Laurdag 15.04.** Påskeaftan
LOM KYRKJE kl. 23:00. Høgmesse.

**Sundag 16.04.** 1. påskedag
LOM KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsmesse med offer til nytt kyrkjelydsbygg ved Lomskyrkja.

**Sundag 30.04.** 3. sundag i påsketida
LOM KYRKJE kl. 19:30. Samtalemesse med konfirmantane. Offer til nytt kyrkjelydsbygg ved Lomskyrkja

**Sundag 07.05.** 4. sundag i påsketida
GAMLE GARMO KYRKJE PÅ MAIHAUGEN kl. 12:00. I samband med kyrkjelydstur til Maihaugen denne dagen, vert det messe i Gamle Garmo kyrkje på Maihaugen. Prest: Soknepresten i Lom, Einar, organist: Organisten i Lom, Terje. Sjå meir skriv om turen ein annan stad i bladet.

**Onsdag 17.05.**
LOM KYRKJE kl. 10:00. Familiemesse med offer til Flyktninghjelpen.
GARMO KYRKJE kl. 12:00. Familiemesse med offer til Flyktninghjelpen.
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Familiemesse med offer til Flyktninghjelpen.

**Laurdag 20.05.**
LOM KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet i bygda

**Laurdag 27.05.**
LOM KYRKJE kl. 19:00. Kveldsmesse Flåklypa Grand Prix

**Onsdag 24.05.**
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

**Laurdag 03.06.** Pinsaftan
GARMO KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjonsmesse.
Offer til konfirmantarbeidet i bygda
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Konfirmasjonsmesse.
Offer til konfirmantarbeidet i bygda

**Sundag 04.06.** Pinsedag
LOM KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsmesse med offer til nytt kyrkjelydsbygg ved Lomskyrkja.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no , på vår heimeside: http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: http://skjaak.kirken.no/

# PARKERING

Vi er glade for at kyrkjelyden engasjerer seg og kjem med innspel. Det er kome kommentar på parkering ved kyrkjelege handlingar. Ved kyrkjene i Lom og Garmo er ikkje dette noko problem; vi vil berre minne om at ved eventuell brann eller anna naudstilfelle skal det vere fri vegbane for utrykkingskøyrety til kyrkjene.

Når det gjeld Bøverdalen vil vi oppmode alle om å ta meir omsyn:
Forbi kyrkja går vegen til fleire gardar og privatpersonar. Også denne vegen skal haldast open for utrykkingskøyrety så vel som privatbilar, tankbilar med meir. Det er stor parkeringsplass ved butikken i Bøverdalen. Denne kan fint nyttast av kyrkjelyden om det er fullt på parkeringsplassen ved sidan av kyrkjegarden.

# Gjelingljomen til Garmo!

Sundag 5. mars kl. 14:00 kjem koret Gjelingljomen til Garmo kyrkje for å syngje i messa. Gjelingljomen er mest kjende for sin årlege julekonsert i Garmo kyrkje kvar førjulstid, men no kan bygdefolket òg få høyre koret syngje på ei vanleg sundagsmesse. Det vert kyrkjekaffe i kyrkja etter messa.

# Lomsklangen satsar!

Lomsklangen ynskjer å informere om at dei saman med andre aktørar planlegg ei storsatsing i advent 2017: Julemusikalen "La oss gå like til Betlehem" av Asbjørn Arntsen. Det vert to førestellingar i Utgard - fredag 1. og laurdag 2. desember. Sett av datoane allereie no!

Lom kommune informerer

## Kultur- og idrettsmidlar 2017

**Alle friviljuge lag og organisasjonar som driv aktivitet innan kultur og idrett kan søkje kommunen om driftstilskott.**

Tilskott til idrettsformål vert fordelt av idrettsrådet. Tilskott til kulturformål vert administrativt fordelt av kommunen.

**Fristen for å søkje driftstilskott er 15. mars**

Elektronisk søknadsskjema finn du på heimesida til Lom kommune.

Søknader om kommunal støtte til enkelttiltak og prosjekt innan kultur- og idrettsområdet vert behandla fortløpande heile året.

## Varsel om oppstart av planarbeid med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

**Kommunestyret i Lom vedtok oppstart av arbeid med Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021 i møte 15.12.2016. Fyrste del av planarbeidet er høyring av planprogrammet med frist 26. mars 2017**.

Etter plan- og bygningslova § 4-1 skal det som eit ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverking.

Formålet med planarbeidet er å utarbeide ein kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet som sikrar ein oppdatert langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg i kommunen. Planen er eit politisk dokument og er meint å vere eit styringsreiskap for å nå kommunes mål på feltet.
Du kan lese heile planprogrammet her eller ved å vende deg til servicetorget på kommunehuset.

**Høyringsfristen er 26. mars 2017**

Merknadar og innspel til planprogrammet kan sendast til: Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 lom eller post@lom.kommune.no

facebook.com/lomkommune

## Ordninga med bårebukett:

Ordninga med bårebukett til avlidne brukarar/pasientar som har hatt pleie- og omsorgstenester, er avslutta.

## Pengegåver til pleie- og omsorgsavdelinga

Pengegåver som vert gjeve til pleie- og omsorgsavdelinga i samband med gravferder, vert sett inn på ein felles konto og blir brukt til pasientretta tiltak/-utstyr.
Det er ikkje høve til å gje pengar til personalgrupper.

*Pleie- og omsorgssjef*

## Lom - eit demensvenleg samfunn

### Invitasjon til kurs for alle bedrifter i Lom 14. mars

**Lom kommune har inngått ei samarbeidsavtale med Nasjonalforeininga for folkehelsa om eit meir demensvenleg samfunn.**

Kommunen vil arbeide for å bli meir eit demensvenleg samfunn, slik at menneske med demenssjukdom kan møte forståing, respekt og støtte, ha moglegheit til å vera inkludert og delta i naudsynte kvardagsaktivitetar, som å handle, bruke offentleg transport, delta i kulturaktivitetar og liknande.



Det er etablert ei arbeidsgruppe:
Leiar Ella Hoel, sekretær Oda Evy Øyen, spesialsjukepleiar med vidareutdanning i geriatri Asta Runhild Turtum, medlemmar frå Lom demensforeining: Kari Nyborg og Kari Mette Øverli.

Vi har invitert sjukepleiar Liv Jorunn Korstad til å førelesa om emnet. Ho arbeider til dagleg i SAM-AKS/ Ressurseininga for demens ved Sanderud.
Kurset vert halde to gonger slik at det er valfritt å delta kl.13-15 eller kl.17-19.
Det hadde vore fint om di bedrift kunne ha meldt frå om kor mange som ynskjer å delta.

**Påmelding innan den 13.mars, ring/sms/e-post, til:**
Pleie- og omsorgsavdelinga ved Oda Evy Øyen
tlf. 941 537 93 / oda.evy.oyen@lom.kommune.no
Lom Friviljugsentral ved Ella Hoel
tlf. 996 938 47 / ella.hoel@lom.kommune.no

# Aktivitetar ved Lom friviljugsentral

## Fredagstreff i Drengjestugu:

Få med deg venner og bekjente til triveleg treffdag. Skyss: avtal gjerne med einkvan som du veit køyrer til treffdagen. Flinke friviljuge serverer: kaffi, nysteikte vaflar og kake kr 50;  Åresalg.
**Velkome på fredagstreff i Drengjestugu!**

| | |
|---|---|
| 24. feb | Song og musikk ved Julie og Ragnar Øyjordet |
| 10. mars | Sigurd Kolden spelar |
| 24. mars | Besøk av Loar barnehage |
| 7. april | Syngje songar av Ørnulf Holthe. |
| 21. april | Song og musikk ved Julie og Ragnar Øyjordet |
| 5. mai | Informasjon frå Lom hørsellag og quiz |
| 19. mai | Billedframsyning ved Merete Sofie Akslen |
| 9. juni | Ouiz og trekning av mange fine gevinstar Sommaravslutning |



## Småbarnstreff - onsdagar ved Lom friviljugsentral

Leik og aktivitetar i Steinfjoset: dei som ynskjer å vera med på det, møter der.
Dykk andre møter i Drengjestugu. SAFT, NYSTEIKTE VAFLAR OG KAFFE KR 50;
Friviljugsentralen har mCash.
Dei friviljuge og dagleg leiar ynskjer velkomne til småbarnstreff!



| | |
|---|---|
| 22. feb | Steinfjoset og Drengjestugu |
| 8. mars | Steinfjoset og Drengjestugu |
| 22. mars | Drengjestugu |
| 5. april | Steinfjoset og Drengjestugu |
| 19. april | Steinfjoset og Drengjestugu |
| 3. mai | Steinfjoset og Drengjestugu |
| 24. mai | Steinfjoset og Drengjestugu |

## STRIKKEGRUPPE KVAR MÅNDAG KL.11.00

Strikkegruppa Bundingen møtast kvar måndag kl.11-14. (ikkje strikkegruppe  i vekene 9, 15 og 16) Sentralen har fått så mykje og fint restegarn. Tusen takk - vi tek gjerne i mot meir! Gruppa strikkar labbar, vottar, luer, skjerf oa., som blir levert til Frelsesarmeen i desember. Ta deg ein tur, ta med deg handarbeid.  Kaffispleis. Velkomne!



LOM FRIVILJUG SENTRAL

*Lom friviljugsentral mobil: 996 93 847*
*Opningstider: mån - fre: 08:00 - 15:30*

# Dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom

**Frå veke 8/2017 vil dagsentertilbodet for heimebuande personar med demenssjukdom bli utvida til to dagar/ veke, jf. Demensplan for Lom kommune 2016-2020. Dagsenteret har 7 plassar.**

Dagsenteret er for personar som bur heime, har demensdiagnose eller er under utgreiing for hukommelsessvikt. Brukar skal ha nytte og glede av sosial stimulering og aktivitet i fellesskap med andre. Brukar må ha eit funksjonsnivå slik at vedkomande kan fungere med lett tilrettelegging i daglege gjeremål/ aktivitetar.

For å få plass på dagsenteret, må det søkjast om teneste ved å fylle ut søknadsskjema som gjeld kommunale pleie- og omsorgstenester. Tildelingskontoret for Lom og Skjåk handsamar søknaden og fattar einskildvedtak.

Du finn søknadsskjemaet på Lom kommune sine heimesider: www.lom.kommune.no, under omsorgstenester.
Søknaden skal sendast til:
Tildelingskontoret for Lom og Skjåk ,
Movegen 30, 2690 Skjåk

Det vert vurdert å innføre eigenandel for brukarane.
Målsetjinga for dagsentertilbodet er å gje brukarane ei oppleving av meiningsfulle aktivitetar, sosialt samver, trivsel og tryggleik. Aktivitetane skal vera med å halde funksjonsnivået til brukarane ved like.
Tilbodet kan fungere som avlastning for pårørande.

Dagsenteret er ope tysdagar og torsdagar frå kl. 10 til kl. 14. Dagsenteret held stengt i høgtider og på heilagdagar.
Brukarane blir henta og bringa i kommunal bil.
Dagen tek til og blir avslutta med eit måltid og det vert lagt vekt på trimaktivitetar kvar dag .

Det er tre tilsette på dagsenteret; to helsefagarbeidarar (Kristine Berg og Kari Ragnhildsløkken Teigen) og ein spesialsjukpleiar (Asta Runhild Turtum).
Det er to tilsette til stades kvar dag.
Sjukepleiar har det faglege ansvaret.
Dagsenteret ligg organisatorisk under heimesjukepleia.
Dagsenteret held til i «Pensjonatet» ved sidan av Lom helseheim.

## DEMENSKOORDINATOR

**Som eit resultat av omstillingsprosessen i pleie og omsorgssektoren i Lom, er det frå 09.01.2017 oppretta 25 % stilling som demenskoordinator, jf. Demensplan for Lom kommune 2016-2020.**

Det er spesialsjukepleiar Asta Runhild Turtum som er tilsett i stillinga og ho vil samarbeide tett med heimesjukepleia, ergoterapeut og fastlegane. Demenskoordinator vi samarbeide med andre aktuelle aktørar i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Demenskoordinator er organisatorisk lagt under heimesjukepleia.

Demenskoordinator har koordineringsansvar for utgreiing/ kartlegging og oppfølging av personar med demenssjukdom. Demenskoordinator vil saman med ovannemnde faggrupper, bidra til å sikre eit fagleg forsvarleg tilbod om utgreiing og kartlegging av personar med symptom på hukommelses- svikt, sikre at det blir gjeve tilbod om vurdering og oppfylging av heimesituasjonen hjå brukar med demensdiagnose, gje rettleiing og støtte til pårørande, sikre at aktuelle brukarar vert vist vidare til lege for om mogleg å få stilt diagnose på eit tidleg stadium og sikre at brukaren så tidleg som mogleg får tilbod om velferdsteknologi.

Utgreiing/kartlegging vert gjennomført gjennom bruk av standardiserte kartleggingsverkty frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse (www.aldringoghelse.no).
Det er utarbeidd eigen prosedyre for demensutgreiing i Lom kommune.

Demenskoordinator kan kontaktast av lege eller andre (til dømes pårørande eller heimesjukepleia),ved mistanke om demens.

**Demenskoordinator er tilgjengeleg kvar måndag og kan treffast på telefon 902 41 479 eller på e-post demenskoordinator@lom.kommune.no.**
**Legane kan ta kontakt via elektronisk melding.**

# Vil du hjelpe oss?



**Vi treng friviljug help for at brukarane våre kan få koma seg ut på sykkeltur!**

Rickshawsykkelen er elektrisk og har plass til to passasjerar i tillegg til den som syklar. Den er enkel å bruke og er lett å sykle på. Vi gjev deg opplæring og du får høve til å prøve sykkelen så mykje at du kjenner deg trygg.
Gjennom bruk av sykkelen, har vi sett at brukarane får gode opplevingar kvar for seg og saman med andre, dei kjem seg ut i frisk luft og får sett det som rører seg i nærmiljøet vårt og i sentrum. Dette gjev innhald og meining i kvardagen!

Dersom dette er interessant , tek du kontakt med:

- Jorun Sperstad Fjeld , telefon 476 11 557 eller e-post jorun.sperstad.fjeld@lom.kommune.no
- Ella Hoel, telefon 996 93 847 eller e-post ella.hoel@lom.kommune.no

# «Onsdagsaktiviteten» på Lom helseheim

**Vi vonar at Lom helseheim kan vera ein hyggeleg møteplass for gode måltid og sosialt samver og ber i samarbeid med Helselaget inn til «Onsdagsaktiviteten».**



**Kva er «Onsdagsaktiviteten»?**
Dette er fyrst og fremst ein møteplass og eit tilbod om å kjøpe middag på Lom helseheim for dei som bur i bygda. Her vert det servert tradisjonskost ☺
For dei som ynskjer, er det høve til å delta på aktivitetar før middag. Det er berre å møte opp!

**Når?**
Middagen er kl. 14.00. Det vert servert kaffe og kake kl. 11.00 med påfølgjande bingo som er felles med bebuarane på Lom helseheimen. Etter bingoen, er det rom for å snakke saman, besøke kjende på Lom helseheim eller å delta på ulike aktivitetar i regi av aktivitøren. Omkring ein gang i månaden vert det halde kvardagsmesse.

**Kor?**
Storstugu på Lom helseheim

**Pris?**
Middagen kostar 80 kr og ein betaler i kassa på Lom helseheim.

**Skyss?**
Helselaget arrangerer henting med minibuss som køyrer strekninga mellom Bøverdalen og Garmo. Skyssen kostar 50 kr tur- retur.
Ynskjer du å sitja på så meld frå til Arve Nørjordet tysdagen før mellom klokka 17 og 19 på 917 27 417

Hjarteleg velkomen!

*Aktivitør Jorun Sperstad-Fjeld*

## LOM BRUKARRÅD - Kva er det?

**Lom brukarråd vart oppnevnt i kommunestyret den 18.04.2013. Der vart tre brukare/pårørande av helse- og omsorgsytingar innvalgt, pluss leiarane av Eldrerådet og Råd for funksjonshemma.**



Meininga med dette rådet er at brukarane av helse- og omsorgsytingar, kan påverke innhaldet og kvaliteten på desse tenestane i kommunen. Rådet er tenkt som eit rådgjevingsorgan for leiinga i Pleie- og omsorg og Helse- og velferd.

Brukarrådet har ikkje mandat til å ta opp enkeltsaker eller noko som omhandlar enkeltpersonar. Men vil gjerne ha innspel om du/dykk har ei sak eller ein idè som omhandlar ein betre kvardag for brukare av helse- og omsorgsytingar i kommuna.

Brukarrådet har møte om lag ein gong i kvartalet, saman med Kommunalsjef Bjørn Bakke, Pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen og Oddny Skjerpingstad som sekretær.

Medlemmane er Helga Rusten, Bjørnar Brustuen, Bente Ovesen, Sigmund Bråtet og Liv Marianne Larsen Skjelden.
Vonar vi høyrer frå DEG!

*Lom brukarråd*
*Helga Rusten, leiar*
*481 08 917 - herusten@hotmail.com*


EGGJALIA ARBEIDSSENTER

Lom Arbeidsenter har tennruller til sals, som eit fast produkt vi har på lager. Stikk innom oss i Eggjalia for ein god handel!

Vi er og interessert i enkle arbeidsoppgåver som div. pakking (skruer etc), som er fine oppgåver vi kan utføre. Har du eit oppdrag til oss? Be om tilbod: anne-lise.marstein@lom.kommune.no

**Eigedomsskatt 2017**
Liste over eigedomsskattetakstar og utlikna eigedomsskatt for skatteåret 2017 er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunen sitt servicetorg, Midtgard. Lista ligg og på heimesida til kommunen. Eigedomsskattelista vil liggje ute til offentleg ettersyn i tri veker frå 28.02.2017. Eigedomar det er gjort taksering på i 2017, har klagerett. Klage må sendast skriftleg, innan **2. mai 2017**. Informasjon om ny takst vil bli sendt dei dette gjeld. Informasjon om skattevetaket finn du på www.lom.kommune.no

| **Satsar for musikk- og kulturskulen,** | **pr. år.** |
|---|---|
| Eineundervisning | 2 490,- |
| Gruppeundervisning dans, drama, formgjeving | 1 250,- |
| - Syskenmoderasjon: Første barn 40%, andre barn 50% | |
| **Satsane for skulefritidsordninga(SFO)** | **pr. månad:** |
| Til og med 14 timar pr. veke | 1 300,- |
| 15 timar og meir pr. veke | 2 050,- |
| Dagsats | 320,- |
| Timesats | 100,- |
| **Satsar for plass i barnehage i 2017** | **pr. månad:** |
| 5 dagar: | 2.580,- |
| 4 dagar: | 2.400,- |
| 3 dagar: | 2.050,- |
| 2 dagar: | 1.760,- |
| Einskild dag: | 250,- |
| **Satsane for heimehjelp (avhengig av inntekt)** **Satsar pr. månad (1G = Kr. 90 068,-):** | **pr. månad** |
| Under 2G Blir justert i samsvar med rundskriv I-1/2017 frå Helse- og omsorgsdepartementet. | |
| Frå 2G og under 3G: | 845,- |
| Frå 3G og under 4G: | 1 123,- |
| Frå 4G og under 5G: | 1 545,- |
| Frå 5G og over: | 2 112,- |
| **Tryggleiksalarm** pr. månad: | 223,- |
| **Middag** levert heime pr. middag: | 80,- |
| **Fellingsavgifter:** | **pr. dyr** |
| Elg, vaksne dyr: | 465,- |
| Elg, kalv: | 270,- |
| Hjort, vaksne dyr: | 350,- |
| Hjort, kalv: | 210,- |
| **Framlegg til gebyr for feiing og tilsyn*:** | **pr. år:** |
| 1 - Feiing kvart år, tilsyn kvart 8. år | 500,- |
| 2 - Feiing kvart 2. år, tilsyn kvart 8. år | 350,- |
| 3 - Feiing kvart 5. år, tilsyn kvart 8. år | 300,- |
| 4 - Feiing kvart 8. år, tilsyn kvart 8. år | 179,- |

**sluttbehandling i kommunestyret i mars -17*

**Gebyr for mottak av næringsavfall** vert fastsett av Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap (NGR).
Husstandar får levere gjenvinnbart avfall og spesialavfall gratis til miljøstasjonen. Men det gjeld berre innan fastsette minstevolum. For avfall utover minstevolum vert det gebyr som for næringsavfall.
(Sjå oppslag på miljøstasjonen, ngr.no eller informasjon i hentekalender frå NGR for utfyllande informasjon).

| **Slamtøming** | | |
|---|---|---|
| Tvungen slamtøming pr m³: | | 550,00 |
| Slamtøming etter avtale pr m³: | | 580,00 |
| **Gebyr for renovasjon**: | | |
| **Type abonnement** | **Sekk pr. år** | **Pris** |
| Bustadhus: | | |
| A-abonnement | 36 | 2570,00 |
| B-abonnement | 48 | 2 951,25 |
| C-abonnement | 24 | 2 266,25 |
| Hytte, fritidshus, sæter: | | |
| - enkel standard gruppe 1 | 12 | 233,75 |
| - enkel gruppe 2 | 12 | 540,00 |
| - høg standard gruppe 3 | 12 | 925,00 |
| *Tillegg for henteavstand 10 - 20 meter: 375,- pr. år Tillegg for henteavstand 21 - 30 meter: 625,- pr. år. Kjøp av rull med 12 sekker: 540,- Sekkar får du kjøpt i servicetorget på Midgard.* | | |
| **Gebyra for vatn og avlaup** | | |
| Nokre døme på totalt årsgebyr (fast del og forbruk): | | |
| **Kategori** | **Vatn** | **Avlaup** |
| Bustad 1-124m² | 3 723,75 | 5222,50 |
| Bustad 125-149m² | 4181,25 | 5837,50 |
| Fritidshus 1-124m² | 2350,00 | 3380,00 |
| Næringseigedom 150m³/år | 4640,00 | 6451,25 |
| Næringseigedom 1.100m³/år | 27 715,00 | 38 093,75 |
| Fyrste gongs tilknyting | 2 500,- | 2 500,- |
| **Prisdøme på byggesakhandsaming:** | | |
| Oppføring av bustader og fritidshus | | 13 985,- |
| Oppføring av andre bygningar (forretning, industri, garasje m.m., inkludert påbygging: | | |
| • 0 - 70 m² | | 7 040,- |
| • 71 - 100 m² | | 10 815,- |
| over 100 m² (for kvar påbyrja 100 m²) | | 1 370,- |
| **Søknad om dispensasjon frå gjeldande planar:** | | |
| • Ved administrativ avgjerd | | 5.625,- |
| • Ved politisk avgjerd | | 11.250,- |
| **Prisdøme på oppretting av matrikkeleining:** | | |
| Areal frå 0 – 500 m² | | 11.720,- |
| Areal frå 501 – 2000 m² | | 14.080,- |
| Areal frå 2001 m² – auke pr påbyrja dekar | | 1.170,- |

Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn har same prisar som for oppretting av grunneigedom og festegrunn. Fullstendig oversikt over gebyr for byggesak får du på servicetorget, hjå tenesteområde Miljø, teknisk og næring eller på nettstaden www.lom.kommune.no. Det er ikkje merverdiavgift på gebyra for oppmåling og byggesak.

*Med atterhald om feil og endringar*

# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 1 2017

| 2017 | Kva skjer i Utgard? | Arrangør |
|---|---|---|
| Fredag 3. mars | **Kjellen - Med Prostata Mot Stjernene kl. 20:00** | *Klypa* |
| Sundag 5. mars | **Odd Nordstoga - solokonsert kl. 19:00** | *Utgard* |
| Tysdag 14. mars | **RUSSEREVY kl. 19:00** | *Russen 2017* |
| Onsdag 15. mars | **Foreldrekonferanse med Kjersti Falck kl. 17:00 & 19:00** | *Lom KFU* |
| Torsdag 16. mars | **RUSSEREVY kl. 19:00** | *Russen 2017* |
| Fredag 17. mars | **RUSSEREVY kl. 19:00** | *Russen 2017* |
| Laurdag 18. mars | **RUSSEREVY kl. 18:00 & 21:00** | *Russen 2017* |
| Onsdag 22. mars | **Tornerose kl. 18:00** | *Teater Innlandet* |
| Torsdag 23.mars | **Annbjørg Lien & Bjørn Ole Rasch kl. 19:30** | *Utgard/Brimi sæter* |
| Fredag 24. mars | **KINO kl. 18:00 & 20:00** | *Bygdakinoen* |
| Laurdag 1. april | **Konsert med Skjåk kulturskule** | *Skjåk kulturskule* |
| Fredag 7. april | **KINO kl. 18:00 & 20:00** | *Bygdakinoen* |
| Fredag 21. april | **KINO kl. 18:00 & 20:00** | *Bygdakinoen* |
| Sundag 23. april | **FIRO & Dovre Disharmoniske selskab** | *DDS & FIRO* |
| Tysdag 2. mai | **Diktarhøvdingen Bjørnstjerne Bjørnson kl. 19:30** | *Teater Innlandet* |
| Fredag 19. mai | **KINO kl. 18:00 & 20:00** | *Bygdakinoen* |
| Tysdag 6. juni | **Konsert med Lom musikk- og kulturskule** | *Lom M&K* |

Kontakt oss: Vakttelefon 468 57 889 (kl 07:00 – 19:00 kvardagar)
Trening – supporttelefon 902 21 484
Bestilling av aktivitet/arrangement i Utgard: 465 05 428 - utgard@lom.kommune.no

Fylg med på **www.lom.no**

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00

Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
www.lom.kommune.no